



Låntakarar og bokbuss-stab under stoppen utanfor Uskedalen Oppvekstsenter. Til høyre sit sjåfør Ragnar Riise og frå venstre står Steffen Nilsen (sjetteklassing), Jorunn G. Myklebust (låntakar) og Ingvild Sandvik (bibliotekar). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bokbussen til biblioteket i Kvinnherad er ein suksess i Uskedalen. Ein skal ikkje vera fluge på veggjen lenge i bussen før det er klart. Då bussen sto utanfor skulen tysdag, vart det lånt ut 210 bøker på ein time!

- Viss vi låner ut så mange bøker på ein heil dag ved hovudbiblioteket på Husnes, reknar vi det som bra, sa bibliotekar Ingvild Sandvik frå Omvikdalen til uskedalen.no medan ho ordna køa av unge låntakarar.

Her går det snøgt å ekspedera kundane. Nokre raske tastetrykk, så er bokutlånet registrert. Og når arbeidsdagen er slutt, blir registreringane overført til bibliotekbasen på Husnes.

Ingvild hadde med seg bokbuss-sjåfør Ragnar Riise frå Husnes som har kjørt bussen rundt i Kvinnherad i snart 10 år. Han medgjer at det 14 år gamle rullande biblioteket har fått sine skavankar og snart treng avløyning.

- Her er det fullt lass til einkvar tid og det tek på ein gamal bil, sa Ragnar.

Så får ein berre vona at det vert avløyst av eit nytt rullande bibliotek.....

- Dette er et kostnads-effektivt bibliotek, slo han fast.

- To dagar i veka er vi to og to dagar er eg åleine, fortalde Ragnar, som kjenner låntakarane godt og kan å skapa ein triveleg tone i bussen.

- Der har vi jo ho Synnøve, sa han då ei av elevane kom med boka si.

- Skal du ha han rampete Robin i dag, spurde han ein annan.

Ingvild streka under at bussen har ei viktig rolle no når bibliotekstrukturen er heilt annleis enn før. Ein gong var det 12 stasjonære avdelingar, no er det berre att ein i tillegg til hovudbiblioteket på Husnes og han er på Hatlestrand.

Annankvar tysdag stoppar bussen i fem kvarter ved Uskedalen Oppvekstsenter medan han stoppar på Korsnes en gong i veka. Det er også ein svært god utlånsstad, fortel Ragnar og Ingvild.
- Uskedalen er ein positiv stad for oss – og vi vonar vi er positive for Uskedalen, seier "Ragnar bokbuss".

Av Ola Matti Mathisen



Sjuandeklassingen Magnus Bu er ein ivrig låntakar i bokbussen. Han låner nesten kvar gong den stoppar utanfor skulen. (Foto: Ola Matti Mathisen)